

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	11.07.2022
Vår referanse	2022/67596-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Uttale - Dispensasjon - Naust - Fv. 5316 Ievegen - Gnr. 343 bnr. 4 - Ryland - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 28.06.2022, *dykkar saksnr. 22/53312*.

Saka gjeld dispensasjon frå arealføremål for oppføring av naust på gnr. 343 bnr. 4 i Alver kommune. Egedomen er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* jf. kommunedelplan for Meland kommune.

Vi uttalar oss som vegmynde med ansvar for trafikktryggleik og framkome på fylkesveg.

Uttale:

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet for å oppføre naust på egedomen gnr. 343 bnr. 4 i Alver kommune. Egedomen ligg ved Ryland og har tilkomst frå fv. 5316 Ievegen.

Det går ikkje klart fram av søknaden om dette er eit tradisjonelt naust. Vi vil likevel vise til at det er krav om eige avkøyrsløyve etter veglova for naust. Vi viser og til føresegner jf. kommunedelplan for Meland som stiller opp krav til parkering for naust. Det er ikkje opplyst om parkering vert løyst på eiga tomt.

Dersom kommunen stiller krav til parkering for tiltaket vil det utløyse krav om avkøyrsløyve frå fylkesvegen. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt ein slik søknad.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til eventuell klagevurdering.

Med helsing

Janne Grønli
overingeniør
INV – Forvaltning Vestland

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift